



F.v. Ronny Lakselv, Kjell B. Olsen og Gianni Rebaudo

Lions er kjent for hjelpearbeidet dei står for. Dei mest sentrale målgruppene for hjelpearbeidet deira er eldre, barn og ungdom, og funksjonshemma. Denne helga arrangerer dei Røde Fjær-aksjon, og dei innsamla midlane skal gå til førebyggjande arbeid blant barn og unge.

Vi møtte tre Lions-medlemmer på stand på Spar-butikken i dag, laurdag. Dei kunne fortelja at Røde Fjær 2015 går til inntekt til barne- og ungdomsprosjektet MITT VALG. Dette prosjektet har som mål å:

- Førebyggja problemåtferd som mobbing og rusmisbruk.
- Læra born og unge til å ta gode valg Skapa trygt og godt læringsmiljø.
- Utvikla positiv sosial og emosjonell dugleik hos born og unge
- Styrkja barnehagetilsette og lærarar sin kompetanse.

MITT VALG er eit undervisningsopplegg som vert nytta i 260 kommunar. I tillegg til skular og barnehagar kan det brukast i idrettslag, fritidsklubbar og andre frivillige organisasjonar.



Ein ung uskedeling har nett gjeve sitt bidrag.

Lions starta med sine innsamlingsaksjonar i 1966, og då gjekk midlane til å etablera Beitostølen Helseportsenter. Etter det har dei hatt Røde Fjær-innsamlingar med jamne mellomrom til gode føremål. Innsamla midlar går i sin heilhet til hjelpeprosjekta. Målet for årets aksjon er 30 mill. kr.

Her er ein oversikt føremål og innsamlingsresultat fram til no.

1966 Beitostølen helseportsenter 8,6 millioner kroner
 1977 Valnesfjorden helseportsenter 17,7 millioner kroner
 1987 Evenes Blindesenter og Haugland helseportsenter 25 millioner kroner
 1995 Leddgiktaksjonen 21 millioner kroner
 1999 Livskvalitet i eldre år 22 millioner kroner
 2004 Montebellosenter (Senter for kreftpasienter) 46 millioner kroner 2009
 Hurdal syn- og mesteringscenter 19 millioner kroner

I tillegg til at dei i dag har innsamling på stand, vil medlemmer i Lions i morgon, gå frå dør til dør med bøsse sine.

Basen for aksjonen her er naturleg nok Gamleskulen, som er møteplassen for Lions i Kvinnherad. Der vert bøsse delt ut søndag klokka 13.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland

**MITT
VALG!**

Et Lions-prosjekt

**MITT LIV
MINE GRENSER
MITT ANSVAR**